



RETT TIL FRITAK FRÅ AKTIVITETAR I OPPLÆRINGA

Etter Opplæringslova § 2-3a skal skulen vise respekt for elevar og foreldre sine religiøse og filosofiske overtydingar, og sikre alle elevar sin rett til likeverdig opplæring.

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion, eller tilslutning til eit anna livssyn eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande.

Lova gir ikkje rett til fritak frå opplæring i dei ulike emna i læreplanen for fag. Skolen skal tidleg gi god informasjon om innhald i læreplanar og om aktivitetar knytt til desse planane.

Retten til fritak frå aktivitetar er ikkje avgrensa til fag, men gjeld alle aktivitetar i skuletid, eller i tid som blir rekna som skuletid. I slike tilfelle skal skulen gi tilbod om alternative aktivitetar.

Etter melding om fritak, skal skulen gjennomføre fritaket, og gi tilpassa alternativ opplæring innafør dei rammer som læreplanen set.

For elevar under 15 år, gir foreldra melding om fritak. Det er ikkje krav om grunngi melding om fritak, og den skal ikkje sendast som søknad.

Ein kan gi melding om fritak gjennom heile skuleåret. Meldinga skal sendast skriftleg til rektor på skulen.

Krav til melding om fritak:

- *Elevnamn og fødselsdato*
- *Klasse*
- *Kva aktivitet det gjeld*
- *Tidspunkt (ein dag/fleire dagar/faste vekedagar/periodar)*
- *Dato og underskrift*

Dersom skulen ikkje godtar melding om fritak frå aktivitetar, kan foreldre klage på avslaget. Klagen skal sendast til rektor på skulen.

Vestbygd skule 21.08.13

Rolf Inge Fyllingsnes
Rektor